



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2025/6714-17	«REF»	02.07.2026

Svar på førespurnad om handtering og bruk av grøfterensavfall

Vi viser til telefonsamtale den 22.06.2026 vedkomande spørsmål om handtering og bruk av grøfterensavfall. Slik miljøretta helsevern oppfatta det var dette i samband med oppdrag for Mesta i fylkeskommunen.

Miljøretta helsevern har vurdert førespurnaden din om det er krav til prøvetaking av desse massane.

Massar frå grøfterens langs fylkesvegar kan innehalde forureining frå til dømes trafikk, uhell og vegvedlikehaldsarbeid. Mottak og gjenbruk av slike massar utløyser difor krav om at det vert teke representative prøvar.

For at massane skal kunne gjenbrukast, må de dokumentere at ureiningsnivået ligg innanfor dei gjeldande normverdiane for reine massar¹ som er regulert etter forureiningsregelverket. Grenseverdiane for tungmetall i gjødselvareregelverket gjeld gjødselvarer, og grøftereinsmassar er ikkje utan vidare ei gjødselvarer. Ei tilvising til desse grenseverdiane er derfor ikkje åleine tilstrekkeleg dokumentasjon på at massane lovleg kan nyttast på nydyrkingsarealet.

Som grunneigar og tiltakshavar må du dokumentere at mottak, utlegging og bruk av massane er i samsvar med godkjend nydyrkingsplan og relevant regelverk. Kommunen ber derfor om dokumentasjon på kvar massane kjem frå, mengde, kvar dei er lagde, kva dei består av, og om det ligg føre analysar eller annan dokumentasjon som viser at massane ikkje inneber fare for forureining.

Kommunen har vore i dialog med Mesta, som har opplyst at dei kan tilby å ta prøver av massane. Korleis dette eventuelt skal gjennomførast, og om det skal avtalast prøvetaking mellom deg og Mesta, er eit forhold mellom tiltakshavar og Mesta. Kommunen går ikkje inn i

¹ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/klifst/publikasjoner/2553/ta2553.pdf>

den privatrettslege dialogen mellom partane. Kommunen vil likevel vurdere den dokumentasjonen som blir sendt inn i saka.

Dersom tilstrekkeleg dokumentasjon ikkje ligg føre, må du sørgje for å skaffe nødvendig dokumentasjon før kommunen kan ta stilling til om massane er lovleg nytta. Kommunen legg til grunn at vidare mottak eller utlegging av massar ikkje skjer før dette er avklart.

Når kommunen har motteke dokumentasjonen, vil vi vurdere om bruken av massane ligg innanfor godkjend nydyrking, og om det er behov for nærare undersøkingar eller vurdering etter forureiningsregelverket eller plan- og bygningslova.

Dokumentasjon må sendast inn til post@kvinnherad.kommune.no merk saka med 2025/6714

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Natalie Martins Sæberg

Rosendalsvegen 10

Mottakarar:
Hege Mehammer Tofte